



Prisar 2026– Overnatting og camping

Nystova:

Nystova har to etasjar der kvar etasje har eit opphaldsrom med kjøkken i midten, og ein korridor med 5 soverom og 2 bad på kvar side, til saman 10 rom og 4 bad med eitt toalett og ein dusj på kvart. Romma har anten 2 senger (to enkeltsenger) eller 3 senger (køyeseng og ei enkeltseng). Det er vask på kvart rom. Vi leiger ut ein etasje til ein familie eller ei gruppe, slik at ein deler ikkje opphaldsrom eller bad med andre enn dei ein reiser saman med, eller som deltar på det same arrangementet. Du kan velje kor mange soverom du treng, og betale døgnpris etter etter kor stort husvære du då har.

Pris på første døgn:

- 1 rom – kr 1400,- første døgn, 1120,- for påfølgande døgn
- Deretter 220,- kr pr ekstra rom, totalt 3380 for alle romma i etasjen det 1. døgnet og 2704,- kr for heile etasjen for påfølgande døgn

Leige av sengetøy og handkle; kr 110 pr sett når ein legg på sjølve, 170 pr sett ferdig oppreidd.

Tillegg for utvask om du ikkje vil gjere reint sjølv: 750,- kr pr etg + 50 kr pr rom.

Hjortsetbua:

Hytte med komfyr og kjøleskåp, men ikkje innlagt vatn. Kjøkken, dusj og toalett på sanitærbygget. To små soverom. «Familiekøye» på eine soverommet. Dobbelkøye (120 brei) på det andre soverommet. Det kan leggjast ekstra madrasser i stova, eller ein kan leige ekstra soveplass på ei anna hytte.

- Døgnpris kr 800- første døgn, 650 for påfølgande døgn
- Leige av sengetøy og handkle; kr 110 pr sett når ein legg på sjølve, 170 pr sett ferdig oppreidd. Du kan ha med sengetøy sjølv.
- Tillegg for vask om du ikkje vil gjere reint sjølv: 470,- kr

Andre hytter på Holmen

Desse hyttene har fleire rom med mange køyesenger. Enkel standard. Dusj og toalett på Sanitærbygget. Kjøkken på Sanitærbygget viss det er ledig. Ein kan bu på desse hyttene og f.eks. bruke kjøkkenet på Sanitærbygget og Nilsstova til opphaldsrom. Ein kan også kombinere å bu på desse hyttene og ha tilgang til rom i hovedbygget. Pris tilpassa gruppestorleik og kva andre rom ein har tilgang til.



Nilsstova

Gammal røykstove frå 1830. Kan brukast som samlingsrom /stove for grupper om sommaren (ingen oppvarming i hytta). Der er eitt soverom med dobbeltseng. Ein må bruke kjøkkenet på sanitærbygget.

Overnatting i bubil, campingvogn eller telt med tilgang til toalett og dusj.-

Bubil, campingvogn eller telt med tilgang til dusj og toalett: 300,- for første døgn, deretter 275,- pr døgn.

Bubil, campingvogn eller telt med tilgang til dusj, toalett og kjøkken i fellesanlegg: 350,- for første døgn, deretter 300,- pr døgn.

Tillegg pr person over 4 stk: 40,- pr døgn (barn under 6 år gratis)

Lite telt m/ inntil 2 personar og tilgang til dusj og toalett: 200,- for første døgn, deretter 175,- pr døgn.

Lite telt m/ inntil 2 personar og tilgang til dusj, toalett og kjøkken: 250,- for første døgn, deretter 200,- pr døgn.

Straum: 80,- pr dag (40,- for telt med lite behov)

Bubilparkering utan tilgang til toalett: (har sjølv): 100 kr pr døgn.

Telting på området utan toaletttilgang er ikkje ønskeleg.

Leige av aktivitetsutstyr:

- Kano kr 60,- pr.t. – 140 pr.dag
- Robåt kr 60,- pr.t. – 140 pr dag
- SUP-brett: kr 120,- for inntil 4 timar. Kr 180,- for heil dag
- Bruk av området; grillar, toalett etc for folk som er på dagsbesøk
på Nesholmen: kr. 50,- pr bil

Prislista er oppdatert 30.06.2026. NB! Det **kan** bli prisendringar i løpet av sesongen. Sjekk at du har den siste oppdateringa av prislista.